



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Haldis Håpoldøy,

## Tildelingsbrev - Regional ordning for kompetanseheving i barnehagane 2019

Fylkesmannen i Vestland overfører **kr. 99 000** til Meland kommune, organisasjonsnummer 951 549 770 kontonummer 1503 18 83722. Midlane er tildelt i samband med den regionale ordninga for kompetanseutvikling i barnehagane, og skal utbetalast til dei aktuelle barnehagane utan unødige opphald. Tildelinga er merka «Regional kompetanseutvikling i barnehage».

### Grunnlaget og føringar for tildelinga

Den regionale kompetanseordninga er regjeringa si satsing på kompetanseutvikling i barnehagane. Bakgrunnen for ordninga er mellom anna at det er dokumenterte skilnadar i barnehagetilbodet. Ein viktig føresetnad for å sikre god kvalitet i barnehagetilbodet til alle barn, er at barnehagane har den kompetansen det er trong for. Barnehagar kan ha behov for kompetanseutvikling på eit område, og samstundes ha gode kvalitetar på andre. Då er det viktig å løfte kvaliteten og utvikle kompetansen innanfor dei områda der barnehagane har eit behov. Den samla tildelinga til Vestland fylke i 2019 er på kr. 19 680 000,-

Barnehagebasert kompetanseutvikling er hovudtiltaket i ordninga., og kr 13 776 000,- skal nyttast til dette. Regionalt samarbeidsforum har bestemd at denne summen vert delt likt mellom universitets- og høgskolesektoren (UH) og prioriterte barnehagar. Fordelinga av midlar til barnehagane tek utgangspunkt i tal årsverk i barnehagane, fordelt på kvar region. Regionane har prioritert innmelde barnehagar, og summen som kvar region utløysar etter fordelingsmodellen, avgjer kor mange av barnehagane som kjem med i ordninga i inneverande år. Midlane skal gå til barnehageeigar, og utbetalinga skjer via kommunen som barnehagemyndigheit.

### Utgangspunktet for tildelinga

I 2019 er det satt av i alt kr 6 888 000 til barnehagane som deltek i ordninga. Regionalt samarbeidsforum har bestemt at for kvart utviklingsamarbeid vert det tildelt midlar som kan nyttast til:

- Personalmøte, det er tenkt at det i kvart utviklingsprosjekt skal vera midlar til 6 personalmøte à 3 timar i løpet av prosjektperioden.
- Frikjøp av tid til arbeid i mellomperiodane
- Frikjøp av tid til prosjektgruppa



- Tid til å planleggja og samarbeida med UH

Føringa for den regionale ordninga for kompetanseutvikling, er at samarbeidet mellom lærarutdanningane og praksisfeltet skal styrkast. Det vert forventa at barnehagar som får tildelt midlar, nyttar planleggingsdagar til utviklingssamarbeidet gjennom heile prosjektperioden. Barnehagane sine prioriteringar skal byggje på tilstandsvurderingar og -analyser, og konkrete utviklingsopplegg skal utformast i dialog mellom eigar og UH. I utrekninga har vi teke utgangspunkt i at gjennomsnittleg kostnad per tilsett er 550 kroner per personalmøte à 3 timar.

Regionalt samarbeidsforum si modell for tildeling:

Tal tilsette	Gjennomsnittleg kostnad pr. møte	Gjennomsnittleg kostnad ved 6 møte	Total tildeling
1 til 5	kr 2 750,00	kr 16 500,00	kr 50 000,00
6 til 15	kr 8 250,00	kr 49 500,00	kr 99 000,00
16 til 25	kr 13 750,00	kr 82 500,00	kr 165 000,00
26 - 35	kr 19 250,00	kr 115 500,00	kr 231 000,00

### Midlar til barnehagane

Tildelinga for 2019 er som følger:

Kommune	Barnehage	Tildeling
Meland	Marihøna barnehage	k. 99 000

### Rapportering

Vi legg ved rapporterings skjema for dei tildelte midlane i 2019. Rapporteringsfrist er 15. juni 2020. I rapporteringa skal bruken av barnehagane sine tildelingar gå fram.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Vestland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Marianne Svege (e.f)  
seksjonsleiar

Atle Basserud  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

